



Regelmatrise Vassenden skule 1-10 kl.

Arena	Ansvar	Respekt	Omsorg
Universelle reglar <i>Reglane her er overordna, og gjeld på alle arenaer på skulen, skuleveg og aktivitetar når skulen har ansvaret</i>	✓ Eg tek vare på skulen sitt utstyr og materiell ✓ Eg seier frå dersom eg ser at noko er øydelagt ✓ Eg held orden og ryddar etter meg ✓ Eg møter presis på skulen og til timane ✓ Eg held meg på skulen sitt område ✓ Eg held avtalar ✓ Eg har sunn mat og drikke ✓ Eg er rus- og tobakksfri på skulen ✓ Etter avtale med lærar kan eg nytte digitalt utstyr i undervisninga ✓ Eg har mobiltelefon, smartklokke, mobilklokke og anna kommuniserande utstyr innlevert til skulen i heile skuledagen ✓ Eg tek berre bed meg skulen sin PC/iPad heim i skulevekene dersom eg har avtale med både skulen og mine føresette om dette (8-10 kl.)	✓ Eg brukar innestemme når eg er inne ✓ Eg godtek at andre har andre meiningar enn meg ✓ Eg let andre sine ting vere i fred ✓ Eg følgjer beskjedar frå vaksne ✓ Eg held armar og bein for meg sjølv ✓ Eg ventar på tur ✓ Eg har tyggisen i munnen og kastar den i bossbøtta (for 5.-10.kl.) ✓ Eg samarbeider med alle ✓ Eg er medviten mitt eige kroppsspråk ✓ Eg har lov å ha hovudplagg, men skal kunne ha blikkontakt	✓ Eg seier STOPP om nokon vert plaga eller treng hjelp. Eg hjelper dei det gjeld ut av situasjonen og seier ifrå til ein vaksen. ✓ Eg snakkar fint til og om andre ✓ Eg er hjelpsam mot andre ✓ Eg helsar pent, og er høfleg
Klasserom Spesialrom: Bibliotek, Jølstrahallen, Gjesthalla, symjing, naturfag, musikk, k&h, filmrom, m&h og liknande.	✓ Eg går roleg og direkte til arbeidsplassen min ✓ Eg har med meg det eg skal til timane, og er førebudd ✓ Eg prøver sjølv før eg ber om hjelp <i>Tillegg for spesialrom:</i> ✓ Eg ventar på løyve før eg tek utstyr i bruk ✓ Eg brukar verktøy og utstyr med varsemd, og følgjer reglane for rommet	✓ Eg rettar opp handa når eg treng hjelp eller vil ha ordet ✓ Eg spør om lov før eg går ✓ Eg arbeider roleg utan å forstyrre andre ✓ Eg lyttar til den som snakkar ✓ Eg hentar bøker og utstyr utan å uroe andre <i>Tillegg for spesialrom:</i> ✓ Eg respekterer at noko av utstyret berre skal brukast av vaksne	✓ Eg hjelper andre med å rydde



Regelmatrise Vassenden skule 1-10 kl.

Arena	Ansvar	Respekt	Omsorg
Personalavdeling Kontor, adm., arb.plassar, lærarrom		✓ Eg bankar på og ventar på svar ✓ Eg viser respekt for pausetida til dei vaksne. Ting som kan vente, bør vente	
SFO- avdeling	✓ Eg registrerer meg når eg kjem og når eg går ✓ Eg går roleg når eg er innandørs ✓ Eg ryddar på plass når eg er ferdig med leiken	✗ Eg hentar leiker og utstyr utan å uroe andre	✓ Eg hjelper andre med å rydde
Toalett	✓ Eg spyler ned i toalettet og tørkar opp om eg har sølt ✓ Eg vaskar hendene	✓ Eg brukar berre toaletta om eg skal på do ✓ Eg gir folk fred medan dei er på do ✓ Eg prøver å bruke friminutt og pausar til å gå på do	
Gang og fellesareal	✓ Eg henger opp kleda og set skoa mine på rett plass ✓ Eg skiftar raskt mellom ytterklede og innekleda og brukar innesko ✓ Eg kostar av meg før eg går inn i gangen ✓ Eg ber aktivitetsutstyr i hendene (ball, hoppetau og liknande)	✓ Eg går roleg og oppheld meg der eg skal vere ✓ Eg går inn i undervisningsrommet straks det vert låst opp av vaksen ✓ Eg oppheld meg ute i friminutta om ikkje anna er avtalt	✓ Eg brukar berre eigne klede og utstyr
Garderobe Kroppsøving/Symjing	✓ Eg kler meg om, og kjem raskt på plass <i>Tillegg for basseng:</i> ✓ Eg dusjar og brukar såpe, utan badekleda på, før eg går ut i bassenget ✓ Eg går roleg på bassengkanten ✓ Eg brukar badehette	✓ Eg respekterer min eigen og andre sin kropp ✓ Eg dusjar etter kroppsøvingstimen, om ikkje anna er avtalt	



Regelmatrise Vassenden skule 1-10 kl.

Arena	Ansvar	Respekt	Omsorg
Uteområde	✓ Eg brukar leikar, utstyr og anlegg til det som er føremålet med dei ✓ Eg tek med meg klede, leiker og utstyr inn att ✓ Eg spelar ballspel og leikar på ein trygg måte ✓ Eg kastar berre snøball på blink og på tilviste plassar ✓ Eg har på meg hjelm når eg brukar skøyter og aktivitetsutstyr med hjul ✓ Eg held meg på avtalt uteområde	✓ Eg følgjer reglar i aktiviteten eg deltek i ✓ Eg spør om å få låne utstyr eller bruke eit område andre brukar ✓ Eg følgjer reglane for bruk av ball ✓ Eg brukar aktivitetsutstyr med hjul dersom eg er i pumptracken i friminutta ✓ Eg følgjer reglane for trygg bruk av klatrestativ og aktivitetsutstyr (brukar ikkje hjelp, skjerm og tau i apparata)	✓ Eg seier frå til ein vaksen om nokon skadar seg ✓ Eg viser merksemd til elevar som går åleine
Skuleveg og skulebuss	✓ Eg sit i ro på plassen min heilt til bussen stoppar ✓ Eg brukar bilbelte ✓ Eg viser busskort eller betaler for bussen ✓ Eg brukar hjelm og refleks ✓ Eg kan nytte framkomstmiddel til skulen om foreldra mine meiner det er trygt	✓ Eg går ikkje fram til bussen før den har stoppar ✓ Eg følgjer avtaler eg har med dei heime ✓ Eg er høfleg mot medelevar og bussjåfør ✓ Eg brukar innestemme på bussen ✓ Eg følgjer trafikkreglane for gåande og syklande (inkludert el-sykkel/el-sparkesykkel)	✓ Eldre elevar skal hjelpe og sjå etter yngre elevar ✓ Eg står roleg i køen, og vi går ein og ein inn på bussen, dei yngste først ✓ Eg finn meg sete raskt og set meg ned ✓ Dei eldste sit bakerst i bussen, dei yngste fremst
Parkering For sykkel og bil	✓ Eg parkerer sykkelen min i sykkelstativet	✓ Eg oppheld meg ikkje på parkeringsplassane for bilar og sykklar	
Turar og reiser Gjeld òg forflytting og undervisning ute	✓ Eg brukar verktøy og utstyr med varsemd ✓ Eg held meg saman med dei eg reiser med, og gjer avtale om eg må forlate gruppa ✓ Eg går frå området i fin stand	✓ Eg møter opp på avtalt plass til avtalt tid ✓ Eg arbeider med oppgåvene som er gitt ✓ Eg respekterer at noko av utstyret berre skal brukast av vaksne ✓ Eg godtek at elevar meistrar oppgåver og aktivitetar ulikt	

Regelmatrisa er del av skulen sine skulereglar, jf. § 10-7 i Opplæringslova. Regelverket erstattar tidlegare regelmatriser ved Vassenden skule, og vert sett i kraft 1.8.2026. Medlem i Skulemiljøutvalet kan fremje forslag til endring og evaluering av skulereglane.